



FEDJE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

- Møtedato: 01.06.2023, kl. 09.15 – 12.05
- Stad: Fleirbrukshallen, Fedje
- Tilstades: Brit Gunn Tangen (leiar), Anna Marit Storemark (nestleiar), Alf Nordseth, Inger Steinsbø og (medlemmer) Jan Håkon Husa (medlem, møtte kl. 9.25, frå og med sak 15/23)
- Forfall:
- Andre: Ordførar Stian Herøy (fram til kl. 10.25), kommunedirektør Berit Karin Rystad (i sakene 15/23 og 16/23), økonomisjef Bjarte Villanger (i sak 15/23)
- Revisjon: Revisjonssjef Janne Eraker, Vestlandsrevisjon IKS
- Sekretariat: Trude Bruket, Region Nordhordland IKS

INNHALDSLISTE

12/23 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet.....	2
13/23 Godkjenning av protokoll frå førre møte	2
14/23 Meldingar.....	2
15/23 Årsrekneskap og årsmelding 2022 – uttale frå kontrollutvalet	3
16/23 Aktuelt i Fedje kommune	4
17/23 Statusorientering: forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «internkontroll med fokus på økonomistyring, herunder oppfølging og rapportering i heile organisasjonen gjennom året».....	4
18/23 Medlemskap i FKT, forum for kontroll og tilsyn.....	5
19/23 Framlegg til budsjett kontrollutvalsarbeidet 2024.....	5
20/23 Møteprotokollar frå politiske utval.....	6
21/23 Eventuelt.....	6



12/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 01.06.2023 er godkjent.

HANDSAMING I MØTET

I saksframlegget var dei to siste sakene merka med nr. 22. Dette vert retta i protokoll.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 01.06.2023 er godkjent.

13/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 16.02.2023 er godkjent slik den ligg føre.

HANDSAMING I MØTET

Ingen merknader.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 16.02.2023 er godkjent slik den ligg føre.

14/23 MELDINGAR

- a. Ny rettleiar om «påse/sjå til-ansvaret» frå NKRF
- b. Tilstandsrapport barnevernet
- c. Planprosess for oppvekstplan
- d. Budsjettrullering ved årsavsluttning 2022

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene a – d til orientering.



HANDSAMING I MØTET

Ingen merknader.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene a – d til orientering.

15/23 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2022 – UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek vedlagte framlegg til uttale om Fedje kommune sitt årsrekneskap og si årsmelding for 2022.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.
3. Kontrollutvalet vil følgje opp «Rapport om årsrekneskapen 2022, nr. 19» gjennom sitt sjå-til-ansvar jamfør § 23-2 a) og b) i kommunelova i eiga sak i seinare møte.

HANDSAMING I MØTET

Kommunedirektør Berit Karin Rystad orienterte om årsmeldinga for 2022.

Økonomisjef Bjarte Villanger gjekk gjennom årsrekneskapen for 2022.

Revisjonssjef Janne Eraker orienterte om revisjonsmeldinga og gjekk gjennom revisjonen sin rapport om årsrekneskapen 2022.

Kontrollutvalssekretær orienterte om framlegg til uttale.

Det vart ein pause i saka, der sak 16/23 vart handsama.

Kontrollutvalet drøfta uttalen og stilte seg bak sekretariatet sitt framlegg.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek vedlagte framlegg til uttale om Fedje kommune sitt årsrekneskap og si årsmelding for 2022.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.
3. Kontrollutvalet vil følgje opp «Rapport om årsrekneskapen 2022, nr. 19» gjennom sitt sjå-til-ansvar jamfør § 23-2 a) og b) i kommunelova i eiga sak i seinare møte.



16/23 AKTUELT I FEDJE KOMMUNE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Saka vart handsama i ein pause i sak 15/23.

Kommunedirektør Berit Karin Rystad informerte kort om:

- Rekrutteringsprosessar, jamfør at mange stillingar har vore lyst ut. Ser ut til å kome i hamn med rekrutteringsprosessar, med unntak av innan helse og omsorg.
- Stigande befolkningstal. Inkludert barnefamiljar.
- Flyktningar. Kommunestyrevedtak.
- Få tilgjengelege bustader på Fedje.
- Planprosess – interkommunal sjøplan.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

17/23 STATUSORIENTERING: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT MED TEMA «INTERNKONTROLL MED FOKUS PÅ ØKONOMISTYRING, HERUNDER OPPFØLGING OG RAPPORTERING I HEILE ORGANISASJONEN GJENNOM ÅRET»

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek statusorienteringa om arbeidet med, og framdrifta i, forvaltningsrevisjonsprosjektet om «Internkontroll; med fokus på økonomistyring, herunder oppfølging og rapportering i heile organisasjonen gjennom året» til informasjon.

HANDSAMING I MØTET

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek statusorienteringa om arbeidet med, og framdrifta i, forvaltningsrevisjonsprosjektet om «Internkontroll; med fokus på økonomistyring, herunder oppfølging og rapportering i heile organisasjonen gjennom året» til informasjon.



18/23 MEDLEMSKAP I FKT, FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet ynskjer å ta del i kompetansefellesskapet i FKT, forum for kontroll og tilsyn, og melder seg inn i organisasjonen. Kontingenten vert lagt inn i kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett.

HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta saka.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet ynskjer å ta del i kompetansefellesskapet i FKT, forum for kontroll og tilsyn, og melder seg inn i organisasjonen. Kontingenten vert lagt inn i kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett.

19/23 FRAMLEGG TIL BUDSJETT KONTROLLUTVALSARBEIDET 2024

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjettramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr 850 700,-.

Budsjettframlegget vert sendt over til kommunestyret, og skal følga innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

HANDSAMING I MØTET

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjettramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr 850 700,-.

Budsjettframlegget vert sendt over til kommunestyret, og skal følga innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon.



20/23 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Ingen særskilte saker meldt.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

21/23 EVENTUELT

Ingen saker meldt.